

Per Engene,
Valenvegen 208,
3800 Bø I Telemark.
Tlf. 35 95 12 44.
E-post: prengene@online.no

21. juni 2010.

Offentleg brev til statsminister Jens Stoltenberg.

Gode statsminister Jens Stoltenberg,

Eg viser til brevet mitt frå 03.02.2010 og svaret frå Harold Leffertstra ved Klif den 31.05.2010. Eg var i kontakt med SFT, Harold Leffertstra og Alice Gaustad for fire år sidan utan å få nokon hjelp med å vurdere ei rekkje påstandar om CO₂, sjå "KLIMAET. Vitskap og politikk" s. 74 ff. På direkte spørsmål var svaret at SFT hadde politiske pålegg om å gje råd i samsvar med det synet som vart hevda av FN's klimapanel. Det same gjer Leffertstra og Gaustad i svarbrevet sitt. Det er uheldig at regjeringa representert ved Klif ikkje vil vurdere brevet mitt på fritt grunnlag uavhengig av kva IPCC konkluderer med.

Eg ber om ein dialog med statsministeren der det m.a. er aktuelt å drøfte desse momenta:


CO₂-mengda i lufta og Henrys lov. Det er godt kjent at det er temperatur og trykk som bestemmer kor mykje vassdamp som lufta kan ta opp, og at lufta kan ta opp meir vassdamp når temperaturen stig. Når varm fuktig luft blir avkjølt, blir det nedbør. Den same naturlova seier også at det er temperatur og trykk som bestemmer kor mykje CO₂ lufta kan ta opp og halde på. I kaldt hav om vinteren og i arktiske strøk blir overflødig CO₂ løyst opp i havet, og i varmt hav om sommaren og i tropiske strøk boblar CO₂ opp av havet, om lag 500 mrd. tonn CO₂ fram og attende per år. Dei 25 mrd. tonn CO₂ som er utslepp frå fossilt brensel, fyller aldri atmosfæren, men blir med i dette enorme dragsuget. Det same har skjedd med dei 40-50 mrd. tonn CO₂ per år som i millionar av år har kome ut av jordskorpa og vulkanane. Desse store utsleppa har aldri ført til klimakrise, men overflødig CO₂ i lufta som blir løyst opp i havet, har vore kjelde for store avleiringar av karbonat på havbotnen, for det meste kalsiumkarbonat som ein i dag finn att som kalkstein, krit eller marmor i mange land, jf. Guldberg-Waage-lova. Her er naturlovene klare: Det er temperatur og trykk som bestemmer CO₂-innhaldet i lufta, ikkje utslepp av CO₂. Fakta som er referert i dette avsnittet, er vitskaplege bevis for at UTSLEPP av CO₂ aldri kan få nokon påviseleg verknad på temperatur eller klima.

Absorpsjonslova. Med å bruke den logaritmiske likninga for absorpsjonslova kan ein vise at så godt som alle varmestrålar frå jorda i CO₂-spekteret (99,99%) er absorberte 20 m over bakken når det er 370 ppm CO₂ i lufta. Ei dobling av CO₂-mengda fører berre til at varmestrålane blir absorberte på halve distansen, dvs. 10 m, sjå likninga. Då hjelper det ikkje med meir CO₂ i lufta, for det er ingen fleire varmestrålar å absorbere i CO₂-spekteret.

Med målingar av CO₂-absorpsjonen får ein som resultat at 20 ppm CO₂ absorberer 74% av varmestrålane, med 40 ppm får me eit tillegg på 15%, med 80 ppm eit nytt tillegg på 6%, og med 320 ppm endå eit tillegg på 4,5%, til saman 99,5% av alle varmestrålane i CO₂-spekteret, sjå figuren nedafor.

Både utrekningane med grunnlag i likninga for absorpsjonslova og målingane av absorpsjonen for CO₂ viser det same, nemleg at det er fysisk umuleg at UTSLEPP av CO₂ kan påverke temperatur eller klima nemneverdig. Mengda av dei varmestrålane som ikkje er

absorberte etter 20 m opp frå bakken, eller med 370 ppm, er så lita at det er ikkje praktisk muleg å måle verknaden av dei.



IPCC prøver seg med at strålane blir reemitterte, og at det skjer tilbakekoplingar som skaper ny energi og varme, ei form for peerpetum mobile. Det er også fysisk umuleg, for det er heilt i strid med den andre termodynamiske lova. Jorda blir avkjølt når ho strålar varme. CO₂ og vassdamp som absorberer varmemstrålane varmar opp lufta, som blir lettare og stig til vers. Oppvarma luft som ev. strålar varmen vidare, blir også avkjølt tilsvarande. Til slutt strålar atmosfæren energien ut i verdsrommet. Eventuelle reemitteringar og tilbakekoplingar er berre ein del av atmosfæreeffekten som gjer at atmosfæren lagrar solvarmen noko lenger tid.

Absorpsjonen som drivhusgassane står for, blir kalla **drivhuseffekten**. Den viktigaste drivhusgassen er vassdamp, som står for 80%. Deretter kjem CO₂ med 16%, og dei siste 4% er det metan, lystgass og andre sporgassar som står for.

Atmosfæreeffekten. Drivhuseffekten er berre om lag 10% av atmosfæreeffekten, som gjer at jorda er 33 grader C varmare enn ein planet utan atmosfære. Den viktigaste delen på 80% av atmosfæreeffekten kjem frå fordamping av vatn frå hav og land. Det er enorme mengder varme som blir lagra i dampen kvar dag. Dampen stig til vers og kondenserer til skodde og skyer. All nedbør som snø, sludd, hagl og regn kjem frå denne dampen. Dei siste 10% av atmosfæreeffekten kjem frå at lufta blir oppvarma direkte av land og hav. Desse tala er ikkje eksakte tal, men middeltal som kan variere litt. Eg har fleire seriøse kjelder som har kome fram til dei same tala. Denne opprekninga viser at absorpsjonen som CO₂ står for, berre utgjer 1,6% av atmosfæreeffekten. IPCC bruker talet 25%, som blir svært feil, mest fordi dei ikkje tek med fordampinga av vatn og den direkte oppvarminga av lufta.

Fotosyntesen og CO₂. Forsøk med CO₂ i veksthus, også frå Ås i 1950-åra, viser at det blir mykje større avlingar med meir CO₂ i lufta. Eit eksempel med dobbel CO₂-mengd viser at

småfuru veks nesten fire gonger så fort. Atmosfæren i vår tid er rett og slett sveltefora på CO₂ samanlikna med tidlegare tider då det i middel var sju gonger så mykje. Gartnaren bruker opp til det firedobbelte med CO₂ i veksthusa for å få brukbare avlingar. CO₂ er livsgassen på jorda, fordi CO₂ er det einaste næringsstoffet i fotosyntesen, som produserer karbohydrat, næringsgrunnlaget for livet. Utan tilstrekkeleg med CO₂ i lufta hadde det vore verken planter eller dyr på jorda.

Likevel er det mange ungdommar som har vorte påverka til å arbeide for å fjerne CO₂ frå lufta, jf. organisasjonen Zero, som symboliserer null CO₂ i atmosfæren. Ein statleg organisasjon på Svalbard lanserte for nokre år sidan ein aksjon for eit CO₂-fritt samfunn på Svalbard. Eg har ikkje sett at aksjonen vart kritisert i media, truleg fordi sensuren verkar.

Reduksjon av utslepp av CO₂. IPCC arbeider for at UTSLEPPA av CO₂ skal reduserast kraftig for å hindre at temperaturen på jorda skal stige med meir enn to grader. Det finst ikkje bevis for at det skal gje resultat. Derimot finst det fleire uavhengige bevis bygd på sentrale naturlover for at UTSLEPP av CO₂ ikkje har nokon påviseleg verknad på temperaturen, sjå lenger opp i brevet. Eksemplet med depresjonen i 1929 viser det same, at då utsleppa vart reduserte med bortimot 30% eller 1100 mill. tonn CO₂ per år i 7-8 år fekk det ingen verknad på temperaturen. I 14 år har Statoil vore pålagd å deponere 1 mill. tonn CO₂ per år på Sleipner til ein kostnad i dagens pengar på 50.000 mill. kr. I tillegg kjem kostnadene med Melkøya, Mongstad m.fl. til like store kostnader på kort tid. Kvifor skulle utslepp av 1 mill. tonn CO₂ per år i våre dagar ha nokon påverknad på temperaturen, når utslepp av 1100 mill. tonn CO₂ per år i 7-8 år i 1930-åra ikkje hadde nokon påviseleg verknad?

Med bakgrunn i denne informasjonen er det lett å sjå kor skadeleg kampanjen mot CO₂ har vore, ein kampanje som hittil kan reknast å ha kosta 100.000 mill. kr. Andre land trekkjer seg frå denne politikken, ikkje berre pga. kostnadene, men også fordi politikken byggjer på feil naturvitskapleg grunnlag. Store land som Kina, India, USA og Russland har aldri vore heilt med. No raknar det også i Europa, for regjeringa er sikkert kjend med at Frankrike og Tyskland har meldt frå at dei ikkje vil innføre klimaskatt som Noreg har vore mest aleine om etter 1992.

Energiproduksjonen. CO₂-hysteriet har fått dei historielause og kunnskapslause 20-åringane i Natur og ungdom, Zero m.fl. organisasjonar til å krevja stor produksjon av vindkraft og biokraft til 130 øre per kWt eller meir, elektrisk straum som skal seljast til utlandet for 20-30 øre per kWt. Staten følgjer opp og skryter av kor mange mrd. kr dei har subsidiert denne produksjonen med. Verken vindkraft eller biokraft er særleg miljøvennleg. På den andre sida høyrer me aldri om satsing på å ta i bruk jordvarme, varme henta frå sjø og vatn og bergboring 200-5000 m ned i jordskorpa til kanskje berre 10 øre per kWt, **ein produksjon av energi utan noka forureining**. For jordvarmeanlegget på Gardermoen med boring 200 m ned i grunnen var anleggskostnadene betalte på to år. Sverige har 300.000 jordvarmeanlegg som produserer ti gonger så mykje energi som vindkrafta i landet, utan at det får omtale i media der heller.

Det siste er at staten har pålagt oljeselskapa å blande inn bioetanol i diesel og bensin, noko som øydelegg bilmotorane, også etter at Sverige er tvinga til å slutte med denne innblandinga.

Det naturvitskaplege grunnlaget for IPCC. Etter møte i Madrid i nov. og i Roma i des. 1995 konkluderte naturvitskapsmennene i IPCC med at *det finst inga forskning som viser at ein auke av innhaldet av drivhusgassar påverkar klimaet*. Det var dette oppdraget IPCC hadde fått, og dermed hadde IPCC fullført oppgåva si. Oppdraget var løyst på ein fullgod

måte. Med Klimarapporten frå IPCC i 1995 var det naturvitskaplege mandatet for IPCC borte, og IPCC skulle ha vore avvikla etter at rapporten var lagt fram i 1996.

Det vart for mykje for ein del politikarar som i fleire år hadde proklamert at årsaka til den globale oppvarminga var utslepp av CO₂ frå fossilt brensel, såkalla menneskeskapte klimaendringar. Naturvitskapsmennene ved IPCC hadde klart avvist denne påstanden frå politikarane. Visepresident Al Gore greip inn og fekk IPCC til å skrive om rapporten til motsett konklusjon - i strid med reglane for IPCC. Etter at vitskapsmennene hadde kontrollert og godkjent det som skulle vera den endelege teksta, vart meir enn femten seksjonar av kap. 8 i rapporten forandra eller fjerna – i det sentrale kap. 8 som handla om det vitskaplege beviset for eller imot menneskeskapt innverknad på klimaet. Konklusjonen i den opphavlege peer-reviewed rapporten om at **"det finst inga forskning som viser at ein auke av innhaldet av drivhusgassar påverkar klimaet"** var endra til at **"forskning viser at ein auke av innhaldet av drivhusgassar påverkar klimaet"**, dvs. konklusjonen var snudd til det motsette. Den forvridde rapporten vart trykt i juni 1996 og førde til eit forferdeleg rabalder. Professor i fysikk Frederick Seitz hadde vore sjefsforhandlar for USA i Madrid og Roma. Han skreiv "A Major Deception on Global Warming" i Wall Street Journal 12. juni 1996 og tilrådde at når IPCC ikkje ein gong greidde å følgje sine egne reglar, så burde arbeidet ved institusjonen bli avvikla, i alle fall den vitskaplege delen som hadde med klimaendringar å gjera.

Men som me veit; det er politikarane som har makta. Og IPCC går vidare med det politiske og uvitskaplege mandatet at klimaendringane er menneskeskapte, stikk i strid med konklusjonen som vitskapsmennene kom fram til i 1995. Dermed starta jukset ved IPCC for alvor. Den dag i dag manglar det naturvitskaplege grunnlaget for arbeidet ved IPCC.

Det er politisk bestemt at klimaendringar er menneskeskapte. Derfor **trur** visst politikarar i dag at dei kan avskaffe naturlover og vedta nye naturlover. Slik er det gjort vedtak om at temperaturen ikkje skal gå opp meir enn 2 grader! Vedtaket minner mest om vedtaka i Molbuland, der dei heller ikkje kunne særleg mykje om naturkreftene.

Konklusjon. Leffertstra har rett i at eksemplet frå 1930-åra aleine ikkje er noko bevis. Men han overser at resultatet av den kraftige reduksjonen av CO₂-utsleppa – **er heilt i samsvar med sentrale naturlover som styrer klimaet**. Her ligg beviset, målingar og observasjonar for dette gigantiske, ufriwillige eksperimentet viser ingen nedgang i kurvene for temperatur eller CO₂-innhald i lufta - heilt i samsvar med sentrale naturlover som styrer klimaet. Det er unødvendig å gjera dette eksperimentet ein gong til - i liten eller stor skala, i ein kort eller lang periode. Det er temperatur og trykk som bestemmer CO₂-innhaldet i lufta, slik at reduserte UTSLEPP av CO₂ får ingen målbare verknader på temperatur eller klima.

Miljødepartementet sender Siri Kalvig omkring på lærarskulane for å fortelja at CO₂ står for heile drivhuseffekten, dvs. atmosfæreeffekten på 33 grader. Det er grov feilinformasjon! 1,6% blir til 100%! Siri Kalvig skriv på www.storm.no: "Uten CO₂ ville vi hatt en ugjestmild planet med en middeltemperatur på ca -18 grader. Men akkurat passe mengde CO₂ har vi en livgivende og pustende planet med en middeltemperatur på ca 15 grader. Det er for mye CO₂ som er farlig." Lærebøker på alle nivå er dei siste åra fylte med feilaktige påstandar om klimaet og naturen. Øystein Dahle frå CICERO og Ingeborg Gjærum frå Natur og ungdom var i Bø i fjor og fortalde kor viktig det var å overdrive for å skremme folk til "å handle rett".

Eg har påvist at IPCC tek feil når dei påstår at UTSLEPP av CO₂ fører til større drivhuseffekt og høgare temperatur noko som i neste omgang fører til smelting av isbrear, havstigning, uver som storm, orkan, tornado, flaum, ras og tørke eller andre katastrofar, sjukdom, pest og epidemiar, eller krig og fred. Det meste av det som blir sendt ut frå IPCC er

tendensiøs informasjon, som allereie slår kraftig attende på arbeidet ved IPCC. I tolv år no er det stadig fleire som krev at IPCC i si noverande form må bli avvikla.

IPCC har også skapt myten om at det blir katastrofe på jorda dersom temperaturen skulle stige med 2-4 grader. I middel har det dei siste 600 mill. år vore fire grader varmare enn no. Alle observasjonar tyder på at 2-4 grader varmare klima hadde vore det beste som kunne skje jorda vår. Varmare klima fører til større fordamping, meir nedbør, eit grønarer landskap og større avlingar. Både Etiopia og Sahara vart grønarer etter den vesle stigninga i temperaturen på 0,3 grader i 1980-90 åra.

Klimaet kan ingen gjera noko med, men miljøet kan og må me gjera mykje for å ta vare på. Det er ein forferdeleg inkompetanse som ligg bak sløsinga av 100 mrd. kr på klimaet, medan 1 mrd. kr til å fjerne ubåten utanfor Fedje er for mykje for å berge miljøet i Nordsjøen!

Med varme klimahelsingar

Per Engene, biolog, miljøaktivist og stiftar av organisasjonen Klimarealistene